



# Velkommen til Logos- nettverk

# Nettverk for LOGOS-sertifiserte

- **Me deler økta inn i fire deler:**

1. Gjennomgang av ny rutine for tilvising av saker der ein ynskjer stadfesting av dysleksi.
2. Sjå på korleis me kan skrive Logos-rapporten meir felles med utgangspunkt i Vurderingsrapportmalen som ligg på Logometrica.
3. Generelle problemstillingar som ein ynskjer å drøfte
4. Evaluering og vegen vidare

# 1. Utprøving av ny rutine for tilvising

- PPT ynskjer å prøve ut ei ny rutine av saker som vert tilmelde for å ta Logos / stadfeste dysleksi. Tanken er
  - Tilvise med «førtilvisingsskjema» og pedagogisk rapport.
  - PPT tek Logos om ikkje skulen har gjort det.
  - Om skulen har teke Logos, er PPT med og drøftar resultatet med lærar/føresette før ein eventuelt kan stadfeste dysleksi.

Målet med dette er å spare skulane for arbeidet med å fylle ut tilvisingsskjema, og at PPT ikkje skal skrive sakkunnig vurdering der dei vurderer behovet for spesialundervisning i saker der det ikkje er etterspurt.



### Samtykke til deling av opplysningar med Sogn pedagogisk-psykologisk teneste i førtilmeldingsfasen.

Dette er eit samtykke til at Sogn PPT kan delta i eit samarbeid med føresette og barnehage/skule for å undersøke om barnet har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. PPT vil lagre opplysningar i sitt fagsystem.

Førtilmeldingsfasen er ein periode der føresette og barnehage/skule har kontakt med Sogn PPT med uro rundt kva utbytte barnet har av opplæringa. I førtilmeldingsfasen vil PPT kunne observere og samtale med barnet/eleven, føresette, barnehage/skule.

Barnet er ikkje tilmeldt Sogn PPT i førtilmeldingsfasen.

Der ein i samarbeid blir einige om at PPT må kartlegge meir og uttale seg om kva utbytte barnet/eleven har av opplæringa gjennom ei sakkunnig vurdering (bhg.lova § 34, Oppl.l § 5-3/Oppl lov 2024 §11-7), må barnet/eleven tilmeldast PPT på eige skjema.

<input type="checkbox"/>	Me samtykker til at barnehagen/skulen kan dele opplysningar om barnet med Sogn PPT, og at PPT kan lagre dette i sitt fagsystem
<input type="checkbox"/>	Me samtykker ikkje til at barnehagen/skulen kan dele opplysningar om barnet med Sogn PPT

Namn på barnet:	Personnummer (11 siffer):
-----------------	---------------------------

Dato:	
Underskrift føresett 1:	Tif:
Underskrift føresett 2:	Tif:

De kan når som helst trekkje dette samtykket tilbake ved å melde frå til barnehage/skule/PPT.

Postadresse: Postboks 153, 6851 Sogndal.

Besøksadresse: Dalavegen 2, 1.etg, 6856 Sogndal

Tlf. 458 79 726

E-post: postmottak.ppt@sogndal.kommune.no

## 2. Skrivning av Logos-rapport

- Valet står mellom Vurderingsrapport og Utgreiingsrapport.
- Ting å ta omsyn til når ein skal skrive rapport:
  - Kven skal lese den?
  - Kven skriv ein for?
  - Kor mykje tid kan/skal ein bruke på rapportskrivning?
  - Kva skal rapporten brukast til?
  - Kva faktorar er viktigast at er med i rapporten?
  - Kva/korleis skal ein skrive slik at mottakar forstår innhaldet?

# Fordelar/ulempes ved Utgreiingsrapport

- Fordelar:
  - Detaljert og inneheld mykje informasjon.
  - Tydelege instruksar på kva som skal med i vurderingsdelen for kvar del.
  - Det er ein grundig rapport som belyser alle sider av testen.
- Ulemper:
  - Sjølve malen er på 10 sider (før ein har starta å skrive). Er ikkje uvanleg at me får tilsendt rapportar på over 20 sider.
  - Les føresette/lærer/PPT rapporten når den er så lang? Er alt som er med like viktig?
  - Vanskeleg for ein som ikkje tek Logos å forstå innhaldet?

# Fordelar/ulempes ved Vurderingsrapport

- Fordelar:
  - Sjølve malen er på 2 sider.
  - Tydelege instruksar på kva som skal vurderast under kvart punkt.
  - Kort og presis, så den er lett å lese gjennom for eleven/føresette/skule?
  - Ser meir på heilheiten enn på deltestane kvar for seg?
- Ulemper:
  - Vanskeleg for ein som ikkje tek Logos å forstå innhaldet?
  - Er den for kort til at ein får med det viktigaste?

# Eksempel på Vurderingsrapport

## Vurderingsrapport

Namn	Dato	Skule/institusjon
Testperson Testesen	17.04.2023	Luster ungdomsskule

### 1. Personalia

Namn	Klassetrinn	I estdato	Fødselsdato
Testperson Testesen	8	17.04.2023	23.07.2009
Skule/institusjon	Oppgavesett	Norm	
Luster ungdomsskule	6-Vaksne	I rinn 8	

## 2. Bakgrunn for testinga

### Informasjon frå skulen og føresette

Testperson vart tilmeldt Sogn PPT 28.02.23 med ynskje om utgreiing av dysleksi. Det er dysleksi i familien og Testperson strevar med leksene. Ho jobbar mykje for å halde tritt fagleg, og overgangen til ungdomsskulen opplevast som vanskeleg både fagleg og sosialt. Ho kvir seg for å gå på skulen og har høgt fråvær.

## 3. Samanfating av testresultata

### Ordlesingsferdigheit

På deltestane ordlesing, fonologisk avkoding og ortografisk atkjenning skårar Testperson i området alvorlege vanskar. Ho brukar ein god del lengre tid enn snittet på å lese ord, i tillegg til at ho les ein del feil. Oppgåva som handla om «blinkord» var vanskeleg, som kan bety at ho ikkje har automatisert orda.

### Fonemisk medvit

Testperson viser store vanskar med fonemisk medvit, altså det å lytte ut lydar. Dette kan delvis vere årsaka til at ho strevar med lesing og skriving. Det er og eit spørsmål om Testperson høyrer godt, og PPT anbefalar difor at ho tek ein hørselsjekk hjå helsesjukaerleiar/lege.

### Ortografisk kunnskap

Det er vanskeleg for Testperson å sjå korleis eit ord skal skrivast/stavast rett når ho får to ord som er nesten like ved sida av kvarandre. På diktaten viser ho at ho har automatisert ein del av rettskrivingsreglane, og skriv mellom anna rett på orda fartskontroll, geni, hjarteleg osv. Likevel ser ein på testen at ho strevar med rettskriving, både å sjå og kjenne att og ved produksjon av ord.

### Minnfunksjonar

Testperson strevar med minnet. Ho hugsar 3 tall i rekkje, fleire vert krevjande. Svake minnfunksjonar har betydning for avkoding og forståing på den måten at det vil vere vanskeleg for ho å automatisere og lagre ord når hugset er svakt. Ho vil difor ha behov for mange repetisjonar og ho treng å øve meir enn andre for å hugse korleis eit ord skal skrivast/lesast.

### Språkførståing

Testperson viser god omgrepsforståing. Ho forklarar på ein god måte kva orda eg spør om betyr. Ho strevar med leseforståing, men er noko betre på lytteforståing. Det betyr at ho hugsar betre det ho får opplest enn det ho les sjølv.

### Leseflyt

Testperson hadde god leseflyt. Ho stoppa ved teiknsetjing og hadde fin flyt i lesinga. Det verka lettare for ho å lese tekstar enn enkeltord slik som før i testen. Ho las 58 ord i minuttet, gjennomsnittet er 102 ord i minuttet.

## 4. Konklusjon

Ut frå testresultatet kan ein konkludere med at Testperson har spesifikke lese – og skrivevanskar/dysleksi. Ho treng tilrettelagde oppgaver med opplesen tekst, opplæring i Lindys og ho vil ha rett til forlenga tid på prøvar/ tentamen/eksamen.

Ho har lært seg nokon gode strategiar på både lesing og skriving som gir ho ein fordel i høve vanskanene, men det er viktig å ta omsyn til at det er ekstra krevjande for ho å lese og forstå ein tekst.

PPT vil anbefale at Testperson **sjekkar** synet og **hørselen**.

## 5. Tiltak

Sjå tiltaksplan.

## 7. Signatur og dato

Denne rapporten er utarbeida av Siri-Lise Nes Bøyum, som er sertifisert for bruk av Logos.

Dato/Stad

Signatur



# 3. Generelle problemstillingar som ein ynskjer å drøfte

- Er det nokon som har ein case dei ynskjer å drøfte?
- Problem/spørsmål som ofte dukkar opp?
- Vil nokon vise korleis dei sender Logos til andre via Logometrica?

# Evaluering og vegen vidare

- Er det interesse for fleire slike samlingar?
- Kor ofte?
- Kva ynskjer de skal vere tema?
- Ynskjer for organisering?



# Ting me drøfta på nettverket

- Me hadde ei runde på ulike måtar å gjere det på i høve stadfesting av dysleksi i Sogn PPT og Indre Sogn PPT. Dette vert teke vidare på regionsamling for PPT i juni.
- Me drøfta bruken av dysmate.
- Korleis skulane gjer det med opplæring av hjelpemiddel:
  - Skuleversjon av Lingit for alle.
  - Youtube-videoar.
  - Årlege kurs for elevar med dysleksi.
  - Foreldrekurs med elevar på kveldstid.
- Kva ynskjer me for neste nettverk:
  - Leige inn ein som kan gå gjennom Lingit (snakka om Håvard Takle Sanden)
  - Kunne vore spanande å få inn ein dyslektikar som fortalde om sine erfaringar med skule og dysleksi.
  - Tilleggsvanskar.
  - Tilrettelegging.
  - Få inn nokon frå Dysleksi Ung.